

## Vedlegg 1:

### Tilskotsordningar - Klimaomstilling

## Tilskotsordningar for klimaomstilling i Vestland fylkeskommune

1. Tilskot til kommunale klimatiltak
2. Tilskot til lokale klima -og miljøtiltak
3. Tilskot til drift av miljøorganisasjonar

### Omtale av tilskotsordningane

#### *(1) Tilskot til kommunale klimatiltak*

##### Føremål med ordninga

Tilskotsordninga skal stimulere til klimaarbeidet i kommunane. Midlane skal nyttast til utviklinga og gjennomføringa av klimaarbeidet i tråd med nasjonale og regionale innsatsområde, men med utgangspunkt i kunnskap om lokale behov. Berekraftsmål nr. 13: Stoppe klimaendringane og miljødimensjonen av berekraft, er eit premiss for tilskotsordninga. Kommunane skal kunne prioritere klimatiltak og kompetanseheving på reduksjon i klimagassutslepp og klimatilpassing i arbeidet sitt.

##### Kven kan søkje

Kommunane i Vestland fylke.

##### Søknadsfrist

Søknadane vert handsama to gonger i året. I 2020 er søkerfristane 15. mai og 15. september.

##### Krav til søkeren

Søknad skal registrerast elektronisk på [www.regionalforsvartning.no](http://www.regionalforsvartning.no). (Lenke ved publisering). Den elektroniske søkerportalen baserer seg på standard søkerdokumentasjon. Teksten som søkeren må fylla ut i kvar kategori for å kunne sende inn søkeren, kan skrivast kort og konsist. Innholdet kan utdjupast i vedlegg i søkeren.

##### Søknaden må innehalde

- Kort omtale av kva kommunen ønsker å nytte tilskotsmidlane til, inklusive målsettingar og relevans for føremålet med tilskotsordninga
- Plan for gjennomføring og vurdering av forventa effekt
- Framdrift og finansieringsplan/ kostnader
- Søknadsbeløp

##### Kva kan få støtte

Midlane skal nyttast til å understøtte mål og strategiar i tråd med Regional plan for Klimaomstilling i Sogn og Fjordane 2018-2021 og Klimaplan for Hordaland 2014-2030, samt overordna mål i Utviklingsplan for Vestland som er under utarbeiding.

Midlane kan nyttast innan eitt eller fleire av innsatsområda under:

- **Tiltak som reduserer klimagassutslepp i kommunen direkte eller indirekte.** Relevante tiltak kan til dømes vere miljøsertifisering, plan for fossilfri tenestebilar, elektriske tenestesyklar, plan for grøne innkjøp. Nettverk mellom offentlege og private aktørar kan søkje om midlar til utviklingsprosjekt.
- **Kompetanseheving om klimatilpassing.** Kommunen kan søkje midlar til å auke intern kompetanse om klimatilpassing og sårbarheit. Tilskot kan til dømes vere: deltaking på

kurs, førebuing av planarbeid og utgreiingar. Søknaden må innehalde ein plan for korleis tiltaket skal gi varig kompetanseheving i kommunen, og kostnaden må vere på minimum 20 000 kr.

- **Kompetanseheving om reduksjon av klimagassutslepp.** Kommunen kan søkje midlar til å auke intern kompetanse om korleis kommunen kan redusere klimagassutslepp og bidra til grøn omstilling. Relevante søknadar kan vere: deltaking på kurs, førebuing av planarbeid og utgreiingar. Søknaden må innehalde ein plan for korleis tiltaket skal gi varig kompetanseheving i kommunen, og kostnaden må vere på minimum 20 000 kr.

#### Vilkår for tildeling

Kommunen må levere rapport på aktivitetar og måloppnåing i tråd med tilskotsbrevet.

Støttebeløpet er i utgangspunktet maksimalt 200 000 kr, og inntil 50 % av total kostnad. Kommunen må ha eigen finansiering, men dette kan vere i form av eigeninnsats (spesifisert i standardvilkår for fylkeskommunale tilskot). Fleire kommunar, interkommunale selskap eller kommunale føretak kan gå saman om å søkje, og støttesummen kan då vurderast auka opp.

I særskilde høve kan høgare løyvingar vurderast.

#### Prioriteringskriteria

- Ambisjonsnivå for klimaomstilling
- Gjennomføringsevne
- Overføringsverdi til andre
- Tiltak identifiserte i kartleggingar der kommunen inngår, i communal plan eller politiske vedtak vil bli prioritert.
- Ordninga er meint som eit supplement til statlege støtteordningar som Klimasats og Enova. Tiltak som ikkje fell under andre ordningar vil bli prioritert.

#### Avgrensing

Tilskotsordninga dekkjer ikkje støtte til ladeinfrastruktur for el-bilar.

#### *(2) Tilskot til lokale klima- og miljøtiltak*

Tilskotsordninga skal fremje lokale initiativ til handling for ei berekraftig utvikling av fylket. Det blir gitt støtte opp til 50 000 kr for gjennomføring av prosjekt eller tiltak. Det kan normalt gjevast inntil 50 % av total kostnad.

I særskilde høve kan høgare løyvingar vurderast.

#### Kven kan søkje

Frivillige lag, organisasjonar, grendelag, velforeiningar.

#### Søknadsfrist

Søknadane vert handsama to gonger i året. I 2020 vert søknadsfristane 15. mai og 15. september.

#### Krav til søknaden

Søknad skal registrerast elektronisk på [www.regionalforsvaltnings.no](http://www.regionalforsvaltnings.no). (Lenke ved publisering). Den elektroniske søkjportalen baserer seg på standard søknadsskjema. Teksten som søkeren må fylle ut i kvar kategori for å kunne sende inn søknaden, kan skrivast kort og konsist. Innholdet kan utdjupast i vedlegg i søknaden.

### Vilkår for tildeling

Ordninga omfattar prosjekt innanfor miljø, klima, natur og biologisk mangfald. Konkrete, handlingsretta tiltak og haldningsskapande arbeid vil bli prioritert.

Søkjarar som får innvilga tilskot, skal levere kortfatta rapport for bruk av tilskotet i tråd med tilsegnsbrevet. Ufullstendige søknadar vert ikkje handsama.

### **(3) *Tilskot til drift av miljøorganisasjonar***

#### Føremål med ordninga

Formålet med tilskotsordninga er å fremje lokalt engasjement for miljø, klima og natur i fylket. Tilskotet kan gå til driftsstønad.

#### Kven kan søkje

Miljøorganisasjonar eller andre organisasjonar som jobbar med klima og miljø

#### Søknadsfrist

Søknadar vert handsama ein gong kvart år. Søknadsfrist for 2020 er 15. mai.

#### Krav til søknaden

Søknad skal registrerast elektronisk på [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no). (Lenke ved publisering).

#### Vilkår for tildeling

For å kunne få tilskot må ein dokumentere at ein arbeider med konkrete prosjekt og haldningsskapande tiltak for klima og miljø. Søkjarar som får innvilga tilskot, skal levere rapport i tråd med tilskotsbrevet. Organisasjonar som ikkje har rapportert innan frist vil ikkje få søknad for etterfølgjande år handsama.